



KVINNHERAD KOMMUNE

Utviklingsmål Utviklingsmål

for grunnskulen
for grunnskulen

2010 - 2012
2010 - 2012

(ePhorte 2009/2621 - 22)

Innleiing.

Kvinnherad kommunestyre vedtok i mars 2007 utviklingsmål for grunnskulen i Kvinnherad for 2007 - 2009, jf vedlegg. Måla var resultat av ein omfattande prosess, der tilsette sine organisasjonar var aktive medspelarar. Ved utgangen av perioden er utviklingsmåla evaluert i organisasjonen, jf Statusrapport for grunnskulen i Kvinnherad 2009, og prosess med framlegg til nye utviklingsmål er gjennomført.

Grunnlag for grunnskulen.

Grunnskulen sitt samfunnsmandat byggjer på føremålsparagrafen for opplæringa, Opplæringslova med forskrifter, i dette læreplanen sin generell del, prinsippa for opplæringa og læreplanane i faga. Kvaliteten i grunnopplæringa vert kjenneteikna av i kva grad dei ulike måla i samfunnsmandatet faktisk vert nådd.

Føremålsparaagrafen:

Legg vekt på at opplæringa skal gje alle barn og unge kunnskapar, haldningar og verdiar som set dei i stand til å meistra eige liv og delta i arbeids- og samfunnslivet.

Generell del:

Konkretiserer kva føremålet med opplæringa inneber for skulen sin praksis.

Prinsippa for opplæringa:

Understrekar at opplæringa skal fremja elevane sine kunnskapar og dugleikar, samstundes som det skal takast omsyn til deira ulike føresetnader og behov.

Prinsippa legg til grunn ei brei forståing av elevane sitt læringsutbyte, med vekt på elevane si sosiale og personlege utvikling, samstundes som elevane utviklar grunnleggjande dugleikar og fagleg kompetanse i ulike fag.

Læreplanane i faga:

Konkretiserer kompetansemåla i dei ulike læreplanane for faga, og klargjer kva elevane skal kunna etter avslutta opplæring på dei ulike hovudstega.

Utviklingsmål for grunnskulen.

Utviklingsmåla for grunnskulen i Kvinnherad dekkjer ikkje breidda i grunnskulen sitt oppdrag, men tar utgangspunkt i dei særlege utfordringar som kjem fram i nasjonale styringsdokument og vurdering av tilstanden i grunnskulen. Framlegg til utviklingsmåla byggjer såleis på nasjonale føringar for grunnskulen, og kva særlege utfordringar grunnskulen i Kvinnherad har.

Utfordringar

Nasjonalt er det framheva 3 utfordringar:

- Svake faglege resultat
- Stort fråfall i vidaregåande skule
- Lite sosiale utjamning.

Av statusrapporten er det særleg desse utfordringane som peikar seg ut i grunnskulen i Kvinnherad:

- For mange elevar med svake faglege resultat.
- For stor skilnad mellom gutar og jenter i læringsresultat.
- Opplæringstilbodet til minoritetsspråklege elevar, elevar med psykiske problem og alvorlege åtferdsproblem er ikkje tilfredsstillande.
- Rekruttering av fagkompetanse.

Utviklingsmåla for grunnskulen i Kvinnherad 2010 – 2012 er meint å styrkja innsatsen på dei nasjonalt prioriterte områda, samstundes som dei lokale utfordringane vert utgangspunktet for særleg ressursinnsats og prioriteringar i grunnskulen i Kvinnherad dei neste to åra.

Grunnskulen sitt samla oppdrag, slik det går fram av samfunnsmandatet, er grunnlaget for skulane si verksemd, medan utviklingsmåla skal sikra at det vert særleg fokus på dei områda der grunnskulen har særlege utfordringar og behov.

Styringssignal.

Kommunestyret er ansvarleg for grunnskulen, og som skuleeigar fastset kommunestyret utviklingsmål for skulane i kommunen, og prioriteringar av ressursar. Utviklingsmåla er såleis styringssignal til skulane.

Skulane har gjennom sine fullmakter og pedagogiske fridom handlingsrom til å velja strategiar og tiltak for å oppfylle kommunestyret sine forventningar.

Kvalitetssystemet for grunnskulen byggjer på at kommunestyret gjennom årleg statusrapport, og eventuelle dialogmøte, får informasjon om og vurdering av den totale aktiviteten i grunnskulen, og ei særleg evaluering av resultatane knytt til utviklingsmåla.

Kommunestyret kan på grunnlag av ei slik årleg evaluering om ønskeleg endra kommunale målsetjingar.

Struktur utviklingsmåla.

Ved utarbeiding av forslag til utviklingsmål er det lagt vekt på at det skal vera få særlege målsettingar, at dei skal hengja saman med tidlegare mål, og at dei skal vera enkle og lette å kommunisera ut i organisasjonen og til foreldre og elevar.

Det er utarbeidd indikatorar for kvart av måla, som skal kunna gje skuleeigar informasjon om i kva grad grunnskulen når måla som er sett. Indikatorane er meir presise enn utviklingsmåla, og vil til saman kunna gje dekkja informasjon om måloppnåing.

Kommunestyret vedtar utviklingsmåla og kva indikatorar som skal fortelja om i kva grad mål vert nådd.

Til hjelp i arbeidet for skulane er det også utarbeidd ei liste over aktuelle tiltak og verkemiddel som skulane og kommuneadministrasjon kan nytta i arbeidet med utviklingsmåla.

VISJON:

Eit godt og inkluderande læringsmiljø med høge ambisjonar for alle elevar, og store forventningar til skuleeigar og vaksenmiljøet i Kvinnherad kommune.

OPPDRAG:

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

UTVIKLINGSMÅL 1:

Ei opplæring med høgt læringstrykk og gode faglege resultat med fokus på lesing og tidleg innsats.

UTVIKLINGSMÅL 2:

Ei opplæring med fokus på sosial kompetanse og elevvurdering for å betre læringsmiljøet for alle elevar.

UTVIKLINGSMÅL 3:

Ei opplæring tilpassa den enkelte elev innanfor eit sosialt fellesskapet og med fokus på gutar og jenter si læring.

Visjon

Eit godt og inkluderande læringsmiljø med høge ambisjonar for alle elevar, og store forventningar til skuleeigar og vaksenmiljøet i Kvinnherad kommune.

Godt og inkluderande læringsmiljø:

- alle elevar har rett til læring og skal føle seg velkommen på skulen.
- alle elevar skal oppleve eit sosialt fellesskap og har rett til å vere forskjellig innanfor fellesskapet.

Godt og inkluderande læringsmiljø:

- læringsmiljø omfattar td. trivsel, fysisk læringsmiljø, elevvurdering, klasseleing, elevmedverknad og relasjonar mellom elevar og mellom lærar og elev, og legg grunnlaget for gode læringsresultat.

Høge ambisjonar for alle elevar:

- alle elevar har rett til å nå dei måla som er realistiske for dei.
- alle elevar tileignar seg grunnleggande dugleikar(lesing, skriving, rekning...), som gjer dei i stand til å fullføre vidaregåande opplæring.

Store forventningar til skuleeigar og vaksenmiljøet:

- skuleeigar stiller nødvendige ressursar til rådvelde
- skuleeigar evaluerer resultata
- skuleeigar følger opp resultata

Store forventningar til skuleeigar og vaksenmiljøet:

- vaksenmiljøet er lærarar og assistentar, føresette, politikarar og vaksne i lokalsamfunnet.
- vaksenmiljøet må ha tru på og forventning om godt læringsutbyte for elevane.
- vaksenmiljøet må bidra til at skule og utdanning får høgare status.

Oppdrag

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.

Teksten i oppdraget er henta frå Opplæringslova, §1-1 Formålet med opplæringa.

Oppdraget eller samfunnsmandatet peikar framover og utover grunnskulen.

Grunnskulen fokuserer på grunnleggande dugleikar som lesing, skriving og rekning som basis for vidare skulegang og arbeidsliv.

Ved å gi barn og unge god fagleg og sosial kompetanse, tru på eiga framtid og trygge rammer på skulen, vil dei kunne få eit godt fundament å byggje vidare på.

Oversikt over aktuelle tiltak og verkemiddel

UTVIKLINGSMÅL 1:

Ei opplæring med høgt læringstrykk og gode faglege resultat med fokus på lesing og tidleg innsats.

Aktuelle tiltak og verkemiddel for den enkelte skule:

- har systematiserte lokale leseprøver for å kunne følge elevane si utvikling gjennom heile grunnskulen.	
- har systematiserte rutinar for oppfølging av elevar under kritisk grense/på dei lågaste meistringsnivåa på kartleggingsprøvene og nasjonale prøver.	
- lagar ein leseopplæringsplan som omfattar alle trinn i skulen, med særleg vekt på begynnaropplæring, lesing som grunnleggande dugleik i alle fag og gutar og lesing.	
- jobber medvite med lesing spesielt i munnlege fag som naturfag, samfunnsfag, RLE og norsk	
- prioriterer etter-og vidareutdanning av tilsette i lesing	
- har lesing som tema på fellesmøte/tid til fagleg drøfting om lesing	
- lærer elevane gode lese- og læringsstrategiar for meir effektiv læring	
- har gode rutinar for overføring av relevant informasjon om elevar i heile opplæringsløpet; frå barnehage til vidaregåande skule	
-tidleg innsats ved å prioritere 1.-4.trinn ved ressurstildeling	
-tidleg innsats ved å gi minoritetsspråklege elevar fleire timar til særskilt norskopplæring første året.	
-tidleg innsats ved å auka spesialundervisninga på dei lågaste trinna i skulen	
- tilbyr foreldreskule med lesing som tema	
- bruker fag elevane likar medvite som motivasjonsfaktor for å auke det totale læringsutbytte. Dei mest populære faga i følge Elevundersøkinga er dei praktisk-estetiske faga kroppsøving, mat og helse og kunst og handverk og musikk	

Aktuelle tiltak og verkemiddel for skuleeigar:

-samarbeider regionalt om lesing, og utveksle erfaringar og planar	
-lager døme og stikkordliste for skulane i arbeidet med lokal leseopplæringsplan	
-har lesing og elevvurdering som tema på leiarsamlingar og nettverkssamling for pedagogiske koordinatarar	
-tilbyr kurs i bruk av skulearena/ PAS/ Skoleporten/ Extens	
-gir hjelp og støtte i arbeidet med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av obligatoriske prøver og eksamen	
-gir støtte til etter- og vidareutdanning i leseopplæring	
-kjøper inn kommunelisens og heimlånslisens på det elektroniske leseverktøyet Askiraski	
-tar initiativ til etter- og vidareutdanning i lesing gjennom regionalt samarbeid i FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland)	
-tidleg innsats ved å styrke timetildelinga til 1.-4.trinn i samsvar med statlege føringar for å auke vaksendekkinga.	
-tidleg innsats ved å opprette innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar, for raskast muleg få dei i stand til å følge ordinær undervisning.	
-tidleg innsats ved å etablere TIBIR og PMTO i eigen kommune. Tiltak og teneste for barn og unge får eit verktøy for å kunne kartleggje og hjelpe barn i risikozonen i ein tidleg fase, TIBIR	
-tidleg innsats ved å etablere eit ressursteam som tar seg av elevar med store psykiske problem/ alvorlege åtferdsvanskar	
-tilbyr elevar med store psykiske problem/ alvorlege åtferdsvanskar eit alternativt opplæringstilbod i periodar	
-gir studiestøtte til vidareutdanning av lærarar for å auke den faglege kompetansen i basisfaga; norsk, matematikk og engelsk	
-tilset lærarar med god fagkompetanse og oppfyller statlege krav om 60 stp fordjupning for lærarar i skriftlege fag på ungdomstrinnet.	
-løfter fram verdien av aktivitetar og tiltak som utedagar, revy, turar, temadagar ...for motivasjon, sosialt fellesskap og som bidrag til eit auka læringsutbyte	
-utarbeider sjekklister for gjennomføring av kartleggingsprøver, nasjonale prøver og eksamen	
-gir hjelp og støtte til enkeltskular ved behov	

UTVIKLINGSMÅL 2:

Ei opplæring med fokus på sosial kompetanse og elevvurdering for å betre læringsmiljøet for alle elevar.

Aktuelle tiltak og verkemiddel for den enkelte skule:

-utarbeider sosial handlingsplan med sosiale læringsmål, og arbeider systematisk for at alle elevar skal få vener Relasjonen mellom elevane	
-læraren arbeider systematisk for å oppnå gode relasjonar til elevane sine Relasjon mellom lærar og elev	
-har rutinar for å utvikle gode relasjonar mellom skule og føresette Samarbeid heim - skule	
-læraren arbeider systematisk for god klasseleiing med god struktur på timane Klasseleiing	
-reviderer ordensreglement – klassereglar med sosiale målsettingar Reglar og handheving av desse	
-utarbeider/reviderer handlingsplan mot mobbing og tar i bruk verktøy som "Steg for steg", Olweus Alle elevar får kjennskap til kjenslemessige mekanismar knytt til mobbing. Alle kan lære å bli meir robuste i høve uønska åtferd frå andre. Mobbing	
-har lokale trivselsundersøkingar	
-har gode system for å avdekke/kartleggje mobbing; lokale undersøkingar, observasjon, elevsamtalar, klagar...	
-tar i bruk ulike verktøy for å auke elevane sin sosiale kompetanse, td. PALS Sosial kompetanse og læringsmiljø	
-informerer føresette og elevar om rettar og saksgang i samband med elevane sitt læringsmiljø. Elevane sitt skulemiljø	
-følgjer lovverket i kap.9a i samband med sakshandsaming knytt til elevane sitt læringsmiljø	
-tilbakemeldinga til elevane inneheld: a)kva har du lært, b)kva står att for å nå målet og c) korleis kan du nå målet	
-elevane får utviklingssamtalar med fokus på fag og læring	
-har tett oppfølging av nyttilsette, td. ved mentorordning	

Aktuelle tiltak og verkemiddel for skuleeigar:

-baserer tiltak på kunnskap om tilstanden og forskning om kva som verkar, og vidareformidler dette til skulane	
-tar initiativ til etterutdanning/kurs og konferansar gjennom regionalt samarbeid i FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland)	
-arbeider for å rekruttere gode lærarar til grunnskulen i Kvinnherad; "Kom heim", Yrkesmessa på Husnes, Partnerskapsskule/praksisskule for lærarutdanninga på HSH (Høgskule Stord-Haugesund)	
- arbeider for å få fleire praksisskular i kommunen	
-gir tilbod til nyutdanna om å vere med i prosjektet "Ny i Hordaland"	
-er pådrivar i arbeidet med å få til eit godt samarbeid med føresette; tema på leiarsamlingar, KFU (kommunalt foreldreutval) og spreier gode erfaringar	
-utarbeider sjekklister for gjennomføring av Elevundersøkinga	
-gir hjelp og støtte til enkeltskular ved behov	

UTVIKLINGSMÅL 3:

Ei opplæring tilpassa den enkelte elev innanfor eit sosialt fellesskapet og med fokus på gutar og jenter si læring.

Aktuelle tiltak og verkemiddel for den enkelte skule:

<i>-gir tilpassa opplæring/spesialundervisning i klassen, evt.mindre grupper</i>	
<i>-tilpasser retting av elevarbeid etter fagleg nivå hos elevane</i>	
<i>-tilpasser oppgåver i vanskegrad/omfang og ved å gi elevar ekstra tid</i>	
<i>Tilpasser innanfor fellesskapet ved å :</i> <i>- bruke varierte undervisningsmetodar</i> <i>- tilby konkretiseringsmateriell og praktiske oppgåvar</i> <i>- la elevane bruke fleire ulike sansar i læringsarbeidet</i> <i>- gi elevane eit repertoar av læringsstrategiar</i> <i>- vurdere bruk av arbeidsplan, då dette ikkje passar for alle elevar</i> <i>- gjere avtalar om omfang på lekser på utviklingssamtalane</i> <i>- kunne velje mellom mange ulike typar oppgåver t.d. i samband med ein felles tekst</i> <i>- ha tett oppfølging td. gjennom utviklingssamtalen</i> <i>- samarbeide med føresette</i> <i>-føreta ei grundig kartlegging av elevane sine dugleikar/kunnskapar</i> <i>- bruke ulike kartleggingsverktøy som t.d. Askiraski</i> <i>- ha tilgang til mange ulike typar litteratur, både skjønn – og faglitteratur</i> <i>- la elevane vere aktiv i eiga læring (Litteratur: ”Lære å lære”)</i>	
<i>-registrerer læringsresultat på gutar og jenter på kartleggingsprøver, NP og eksamen, og set i verk tiltak spesielt for gutar dersom det er behov for det.</i>	

Aktuelle tiltak og verkemiddel for skuleeigar:

<i>-formidler litteratur og forskingsresultat om gutar og jenter si læring</i>	
<i>-har gutar og jenter si læring som tema på leiarsamlingar og skuleleiarkonferansar i FOS</i>	
<i>Utarbeider kommunale rapportar/oversikter for å synleggjere tilstand og utvikling over tid:</i> <i>- bruk av spesialundervisningstimar; tal elevar, tal timar</i> <i>- læringsresultat for gutar/jenter, skilnader</i> <i>- minoritetsspråklege; tal elevar, tal timar</i> <i>-elevar med psykiske problem/alvorlege åtferdsvanskar</i> <i>-bruk av assistentar</i>	
<i>-prioriterer etterutdanning i klasseleiing</i>	
<i>-lagar oversikt over arbeidsoppgåver med minoritetsspråklege elevar</i>	
<i>-gir hjelp og støtte til enkeltskular ved behov</i>	

Oversikt over indikatorar for måloppnåing

Indikatorane vil gi informasjon om i kva grad grunnskulen i kvinnherad når dei måla som skuleeigar har vedteke.

I den årlege kommunale statusrapporten for grunnskulen, vil indikatorane bli omtalt og evaluert.

På den enkelte skule vil indikatorar som vektlegg dokumentasjon av rutinar og saksgang vere viktige. Resultat på obligatoriske kartleggingar og prøver vil berre bli vurdert på kommunenivå i statusrapporten.

Det er likevel viktig at den enkelte skule kjenner indikatorane, då det kommunale resultatet er summen av resultatata på den enkelte skule.

UTVIKLINGSMÅL 1:

Ei opplæring med høgt læringstrykk og gode faglege resultat med fokus på lesing og tidleg innsats.

Indikatorar på måloppnåing:

<i>-tal elevar under kritisk grense på kartleggingsprøvene i lesing og rekning for 2.trinn, skal liggje under det nasjonale snittet</i>	
<i>-tal elevar som presterer på lågaste nivå i lesing, rekning og engelsk på dei nasjonale prøvene på 5. og 8.trinn, skal liggje under det nasjonale snittet</i>	
<i>-tal elevar som får karakteren 1 i standpunkt/eksamen, skal liggje under det nasjonale snittet</i>	
<i>-grunnskulepoenga skal liggje minst på snitt for landet</i>	
<i>-tidleg innsats ved at større del av spesialundervisninga blir brukt i barnehagen og dei 4 første åra i grunnskulen</i>	

UTVIKLINGSMÅL 2:

Ei opplæring med fokus på sosial kompetanse og elevvurdering for å betre læringsmiljøet for alle elevar.

Indikatorar på måloppnåing:

<i>-elevar som trivst er minst på snitt for landet i Elevundersøkinga</i>	
<i>- elevar som opplever mobbing er under snitt for landet i Elevundersøkinga</i>	
<i>-andelen elevar som får god fagleg rettleiing er minst på snitt for landet i Elevundersøkinga</i>	
<i>-skulane skal kunne dokumentere at elevar og føresette er gjort kjent med rettar i samband med elevane sitt læringsmiljø – kap.9a i opplæringslova.</i>	
<i>-skulane skal kunne dokumentere rett saksgang i samband med klagar</i>	
<i>- skulane skal kunne dokumentere rutinar og opplegg for ei undervegsvurdering som fremjer vidare læring</i>	
<i>-skulane skal kunne dokumentere at elevar og føresette er gjort kjent med kompetansemål og vurderingskriteriar.</i>	

UTVIKLINGSMÅL 3:

Ei opplæring tilpassa den enkelte elev innanfor eit sosialt fellesskapet og med fokus på gutar og jenter si læring.

Indikatorar på måloppnåing:

<i>-nivå på spesialundervisning skal ikkje vere over landssnittet</i>	
<i>-skilnaden i resultat på lågaste nivå for gutar og jenter, skal ikkje vere større enn 10% på nasjonale prøver.</i>	
<i>- skulane skal kunne dokumentere rett saksgang i samband med spesialundervisning og særskild norskopplæring for minoritetspråklege</i>	
<i>-skulane skal kunne dokumentere metodar og organisering for tilpassa opplæring</i>	

